



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 09.10.2018
Vår ref: 14/01840-13
Deres ref:

Høring av søknad om driftskonsesjon for Hillesland/Skjenet i Karmøy kommune. Tiltakshavar: Karmøy Naturstein AS.

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått inn søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43, datert 21. november 2014.

Med dette sender vi søknaden om driftskonsesjon på høring i samsvar med forvaltingslova § 17. Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høringa.

Høyringsfrist: 6. november 2018.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på dirmin.no under «Saker til høring». Denne søknaden gjeld driftskonsesjon etter minerallova.

Samandrag av søknaden

Karmøy Naturstein AS søker om driftskonsesjon for gbnr. 48/1, 9 og 39 i Karmøy kommune. Det omsøkte arealet er om lag 82,5 daa. Tiltakshavaren har søkt om driftskonsesjon for eit større område enn det som per i dag er regulert til steinbrot, da tiltakshavaren har teke høgde for at det er starta opp nytt planarbeid for området. Innafor det omsøkte området angir tiltakshavaren at totalvolum for mineralførekomsten er om lag 750 000 m³. Vidare anslår tiltakshavaren at dei vil ta ut om lag 15 000 – 20 000 m³ av mineralførekomsten i året.

Tiltakshavaren beskriv mineralførekomsten å vere naturstein (arkose/arkositt). Førekomsten nyttast til muring, plastring og blanding mv. Ifølgje tiltakshavaren er førekomsten registrert som «meget viktig» i NGU sine databasar.

Området er i reguleringsplan for «Del av gnr. 48, bnr. 1 og 9, Hillesland», vedteken i kommunestyret den 28. mars 2000, regulert til steinbrot. I reguleringsplanen er område for steinbrot 68,4 daa stort. DMF gjer i samband med dette merksam om at tiltakshavaren har søkt om driftskonsesjon for et større område enn det som i dag er regulert til steinbrot. Tiltakshavaren underbyggjer dette med at området er under regulering. Dersom det er klart at det ikkje vil vere aktuelt med drift på eit større område enn det som i dag er avsett til steinbrot, ber DMF om ei tilbakemelding på



dette. Vi minner samtidig om at tiltakshavaren ikkje vil kunne starte drift utover dagens område for steinbrot før ny reguleringsplan er på plass.

Forventingar til høyringsfråsegnene

DMF ber om at offentlege etatar ut frå eige ansvarsområde vurderer om noko tilseier at driftskonsesjon ikkje bør tildelast, eventuelt om det skal stillast vilkår om avbøtande tiltak. Private partar kan komme med innspel til relevante forhold i den aktuelle saka. Dersom noko ikkje er tilstrekkeleg belyst i søknaden, ber vi om opplysningar om dette.

Arealbruk er regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltingsmyndigheit. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan), legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving.

Vi ber **kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen** opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og forureining. Dersom kommunen eller fylkesmannen har informasjon om slik påverknad, vil vi gjerne ha ei utgreiing om eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

I tillegg ber vi om at **kommunen** vurderer kor vidt det er ønskeleg med drift ut over dagens reguleringsplan for steinbrot, eller om omsøkt område bør avgrensast til det som i dag er regulert til steinbrot.

Ut ifrå Artskart og Naturbase er det ikkje gjort konkrete funn eller registreringar innafor omsøkt område. Det er likevel fleire punkt der det er registrert trua artar like i nærleiken av uttaksområdet, sjå også vedlagte utklippsskart frå Artskart og Naturbase. DMF ber om fylkesmannen sine innspel på kor vidt det er naudsynt med avbøtande tiltak for drifta innafor uttaksområdet, med bakgrunn i registreringane i Artskart og Naturbase. I tillegg er Hilleslandsvatnet registrert som ein viktig naturtype (rik kulturlandskapssjø) med ID BN00017949. Vi ber om at fylkesmannen vurderer kor vidt det er naudsynt at tiltakshavaren gjennomfører avbøtande tiltak for å hindre at drift på den mineralske førekomsten vil påverke Hilleslandsvatnet.

Heile eller delar av høyringsuttalane kan bli refererte i vedtaket som seier om konsesjon blir gitt eller ikkje. Søkjaren får høve til å kommentere høyringsuttalar før vi gjer vedtak.

Kva vurderer DMF i samband med søknaden?

Formålet med minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m³ og alle uttak av naturstein er konsesjonspliktige.

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkjaren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten.

Vi vurderer òg

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling



- korleis tiltaket påverkar naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

DMF stiller normalt vilkår ved tildeling av driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43. Vilkåra omfattar mellom anna krav til driftsplan og økonomisk trygd for sikring og opprydding etter avslutta drift.

Høyringsfråsegnene skal sendast til

E-post: mail@dirmin.no

eller

Ordinær post:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Christine Langås
overingeniør

Stine Borge Nordskog
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Stine Borge Nordskog

Mottakarar:
Adresseliste

Kopi til:

Karmøy Naturstein AS

Hillesland

4280 SKUDENESHAVN

Navn	Adresse	Postnr	Poststed
BLIKSHAVN ANNE LISE	DALEVEGEN 4	4280	SKUDENESHAVN
DALE STEN INGE	DALEVEGEN 90	4280	SKUDENESHAVN
LIKNES TOR MAGNE	DALEVEGEN 84	4280	SKUDENESHAVN
LANGÅKER HENNING	LANGÅKERGARDEN 12	4274	STOL
HILLESLAND KONRAD JOHAN	SADLAVEGEN 83	4280	SKUDENESHAVN
OPSAL ALINA CAMELIA	SADLAVEGEN 64	4280	SKUDENESHAVN
OPSAL ODDGEIR	SADLAVEGEN 64	4280	SKUDENESHAVN
HILLESLAND KJELL REIDAR	SKJENAVEGEN 199	4280	SKUDENESHAVN
DALE KNUT	HILLESLANDVEGEN 160	4280	SKUDENESHAVN
KALLEVÅG GEORG TOBIAS	SKJENAVEGEN 46	4280	SKUDENESHAVN
STØYLEN MARGRETE	HILLESLANDVEGEN 160	4280	SKUDENESHAVN
KLÆHAUG HELLEN	KLÆHAUGVEGEN 10 A	4270	ÅKREHAMN
TØRKELSEN HENNY	POSTBOKS 19	4274	STOL
MAGNUSSSEN GUNLEIV MAGNUS	TARAVIKVEGEN 7	4274	STOL
MAGNUSSSEN LEIV HARALD	MJÅVATNVEGEN 25	4272	SANDVE
MAGNUSSSEN HALVOR	POSTBOKS 25	4296	ÅKREHAMN
OPSAL DIDRIK RAGNAR	SKJENAVEGEN 155	4280	SKUDENESHAVN
HØINES JAN ARILD	MYRDALVEGEN 17	4270	ÅKREHAMN
FERKINGSTAD MARGRETE	BURMAVEGEN 32	4274	STOL
SØRENSEN INGEBORG JOHANNE	KIRKEVEGEN 76	4280	SKUDENESHAVN
DALE LARS BJARNE	DALEVEGEN 96	4280	SKUDENESHAVN
ROSNES ARNE MORTEN	LAUVASTØLVEIEN 3	4027	STAVANGER
ROSNES ELLEN VEA	LAUVASTØLVEIEN 3	4027	STAVANGER
NORDANGER ANDRE	HEGGHEIMVEGEN 76	4280	SKUDENESHAVN
NORDANGER JUDIT	HEGGHEIMVEGEN 76	4280	SKUDENESHAVN
VEA NORUNN	KAIGATA 90	4280	SKUDENESHAVN
VEA JAKOB	KAIGATA 90	4280	SKUDENESHAVN
SVENDSEN ANNE TOVE	FLADABERGVEGEN 5	4280	SKUDENESHAVN
VEA GERD	AUSTRE VEAVEG 125	4276	VEAVÅGEN
KARMØY NATURSTEIN HOLDING AS	Hillesland	4280	SKUDENESHAVN
HAUGALAND KRAFT NETT AS	Haukelivegen 25	5529	HAUGESUND
KARMØY KOMMUNE	Postboks 16	4291	KOPERVIK
FYLKESMANNEN I ROGALAND	Postboks 59, Sentrum	4001	STAVANGER
ROGALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 130, Sentrum	4001	STAVANGER
STATENS VEGVESEN REGION VEST	Postboks 43	6861	LEIKANGER
NVE REGION SØR	Postboks 2124	3103	TØNSBERG
DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP	Postboks 2014	3103	TØNSBERG